

Vaksdal kommune

5722 DALEKVAM

Vår dato: 21.06.2019

Vår ref.: 201102225-20

Arkiv: 411 / 061

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Idun Nessestrand Vefring

Kupebekken i Dale - Varsel om planlegging av sikringstiltak og kort informasjon om økonomiske/ juridiske konsekvensar for kommunen - Vaksdal kommune

Vi syner til e-post korrespondanse, siste datert 31.01.17, der kommunen etterspør framdrift i høve planlegging og utføring av sikringstiltak i Kupebekken.

Tanken var å få planen ferdig slik at den saman med kommunevedtak kunne leggest fram for kommunestyret i møte 17.06. Arbeidet med planen er noko forseinka, men vi ynskjer å varsle om at den vert oversendt til kommunen i løpet av august.

Sikringstiltaket er planlagt som eit «ordinært» tiltak. Før anleggstart må kommunen garantere for ein distriktsdel som for ordinære tiltak ligg på 20% av kostnaden. Dette vert gjort i form av kommunevedtak som skal sendast attende til oss i signert stand. Førebels kostnadsoverslag er på om lag 2,5 millionar eks.mva, noko som tilseier ein distriktsdel på +/- 500.000,-. I tillegg kjem framtidig drift og vedlikehald av anlegget m.a. tømning av massebasseng.

Kommunen lyt òg syte for grunneigaravtale på dei eigedomane som anlegget vil ligge på. Det inneber at plassering av anlegget og tilkomst både i anleggsperioden og seinare drift/ vedlikehald må vere akseptert av grunneigar. Vi rår til at slik avtale vert gjort skriftleg. På same måte må eventuell deponering av masser avklarast.

Vi planlegg anleggsstart inneverande år og oppmodar med dette kommunen til å sette i gang med dei kommunale prosessane i høve avtalar med grunneigarar og førebuing av kommunevedtak.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Idun Nessestrand Vefring
avdelingsingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: